


ÅRSMELDING 2024

Sykkylven sokn



Velkomen til kyrkja! Rom for alle - saman

Sokneråd 2023-2027

May Lisbeth Hovlid Aurdal (leiar)
Therese Kristin Utgård Aas (1. nestleiar)
Arne Martin Von Krogh-Bakkedal (2. nestleiar)
Therese Stave Hovland
Georgia Degirmenci Sandberg
Eli Cesilie Myrene (sekretær)

Varamedlemar:

1. Kari Myklebust
2. Roy Pettersen
3. Knut Lorents Fremstad
4. Christoffer Liljedal Stavseth
5. Asle Stenberg

Antal soknerådsmøter: 6 (5 i 2023)

Antal saker handsama: 32 (34 i 2023)

Tillegg:

- Ekstra soknerådsmøte med ny prest Jonas R. Fjeld og fru Sandra på Aurdalshytta.
- Fellesmøte mellom Ikornnes og Sykkylven sokneråd, samt staben. Menighetspegagog og diakon orienterte og inspirerte frå sine arbeidsfelt.
Disse årlege møta er svært inspirerende og viktige, også fordi vi har mykje felles gudstenester og arbeid med same stab.

Av saker i Sykkylven sokneråd 2024 kan nemnast:

- Prioritering av satsingar / kva ynskjer vi å vektlegge som SR
- Planlegging av fellesmøte med sokneråda
- Fornyng av misjonsavtalar
- Aksjonen «Saman som kyrkje i heile verda»
- Medhjelparfest/årsmøte
- Årsmelding
- Uttale tilsetting av ny prost for Nordre Austre prosti
- Høyring om prostigrenser i Møre bispedøme
- Offersøknader / Offerliste
- Gudstenester og gudstenestearbeidet: Offerappel/powerpoint/nattverd/song
- Møte med kontor / orientering frå arbeidsfeltet
- Representasjonar for ulike utval
- Innsetting/mottaking av ny prest

Viser til møtereferata på heimesida til Sykkylven kyrkje for meir detaljert informasjon.

www.sykkylven.kyrkja.no/Om-oss/Sokneråda

Sokneråda skal i soknerådsmøta ha fleire E-læringskurs frå kyrkjerådet gjennom året.

Dette for å bidra til at sokneråda får meir opplæring i ulike tema gjennom perioden, samt for å styrke folkevalderolla.

Anna:

Strategisamling for stab og soknerådsleiarar i Loen, august.

Representasjon frå sist rådsperiode:

Kirkens Nødhjelp kontakt: Therese Utgård Aas, Georgia Sandberg, Eli Myrene

Kirkens SOS representant: Therese Utgård Aas

Representant i misjonsutvalet: Knut Lorents Fremstad, Therese Stave, May Lisbeth H Aurdal

Representant i diakonutvalet: Roy Pettersen

Representant i kyrkjemessestyret: Eli Myrene

Representant i utsmykkingsnemndene: Marit Helen Akslen (fortset frå det gamle SR)

Representant i Grøn kyrkje: Marit Helen Akslen

Beredskapsgruppe: Torbjørn Støylen, Monica Breivik Orre, May Lisbeth Hovlid Aurdal, diakon Kristin Kjemphol Lohne, trusopplærar Kathrin Notanes Riksheim

Prestevikarar i gudstenester: Helge Standal, Ruth-Wenche Vinje, Morten Gravdal, Erlend Lunde, Simen Myklebust, Kari Vatne.

Gudstenesteleiarar (leke): Torbjørn Støylen, Kristin Lillebø og Svein Erik Kampenes.

Frivillige:

Eit stort korps frivillige medarbeidarar bidreg med oppgåver i kyrkjelydsarbeidet.

Årsmelding for 2024 er levert av staben, frå deira ulike fagfelt. Det vert ein omfattande rapport, som SR ikkje tek mål av seg å forkorte, men trykkjer i si heilheit.

Soknerådet har tilføyd sine refleksjonar og innspel på starten og slutten.

Forkorta framlegging vert på årsmøtet presentert på powerpoint, med hovudpunkta og refleksjonar framover.

KYRKJEVERJEN RAPPORTERAR

Endringar i stab:

Ganske likt med 2023 har 2024 vore eit krevjande år med tanke på ein annleis og mangelfull stabssamansetning. Dette har ført til at dei som har vore i arbeid, både har måtte ta eit større og breiare ansvar og utføre fleire arbeidsoppgåver. Like fullt er vi glade og takknemlege for det gode samspelet vi har mellom stab og råd, og ikkje minst med dei mange frivillige og vikarane sin innsats, som har levert tenester i Sykkylven og Ikkornnes.

Soknepreststillinga i Sykkylven har vore vakant frå hausten 2023, til Jonas Richter Fjeld vart tilsett på våren 2024. Innsettingsgudstenesta for han var søndag 16. juni i Sykkylven kyrkje.

Sokneprest (Ikkornnes) Knut Farstad sa opp si stilling og arbeidde til medio august 2024. Stillinga har stått vakant sidan då. Grunna økonomiske utfordringar for Den norske kyrkja, både nasjonalt og regionalt, er det varsla kutt i prestetenesta over heile landet. Signala tyder på at vi vil bli berørt av dette, og det blir derfor arbeidd med å finne løysingar på korleis vi best kan utnytte og ivareta prestetenesta framover.

2024 har også vore prega av både korttids- og langtidsfråvær. Sjukefråværet i 2024 var på om lag 8%.

Vi gler oss over at Kathrin Notanes Riksheim fullførte utdanninga si som kyrkjelydspedagog. Ho har dermed endra stillingstittelen frå trusopplærar til kyrkjelydspedagog.

Legge til rette for engasjement:

Vi ønskjer ikkje å vere ei stabsdreve kyrkje, men ei fellesskapsdreve kyrkje. Dei tilsette har sjølvstøtt dedikerte ansvar og arbeidsoppgåver, men saman med råda/styra har dei også ei overordna oppgåve med å følgje kyrkja sitt kall om å legge til rette for engasjement. I dette skal vi vere opptatt av å lytte til, støtte, vegleie, inkludere, involvere, samarbeide og samhandle med dei frivillige. Dette slik at det blir summen av alle «hovud, hender og føter» som er kyrkja i Sykkylven-Ikkornnes.

Det er med glede vi kan melde om dei mange frivillige som på ulikt vis er engasjert i og for kyrkjelydane i kommuna. Samtidig veit vi at både potensialet og ansvaret er stort for at enda fleire skal få høve til å bidra i arbeidet for barn, unge, vaksne og eldre.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Gudstenester

Gudstenesterytmen med to gudstenester i Sykkylven kyrkje og ei gudsteneste i Ikkornes har fungert godt. Folk møter opp i den kyrkja det er gudsteneste, sjølv om dei bur i andre soknet.

Det var fleire gudstenester i 2023 enn i 2024, men gjennomsnittleg gudstenestedeltaking har gått noko opp:

Totalt i 2024: 49 gudstenester med totalt 8406 deltakarar. Snitt: 172 per gudsteneste	Totalt
i 2023: 54 gudstenester med totalt 8757 deltakarar. Snitt: 162 per gudsteneste	Totalt i
2022: 51 gudstenester med totalt 7567 deltakarar. Snitt: 148 per gudsteneste	

Nattverdsgjestar har også auka frå 2023 til 2024.

I 2024: 34 gudstenester med nattverd, med 2613 nattverdsgjestar. Snitt: 77 per nattverd.

Konfirmasjonsgudstenester

2024: 3 konfirmasjonsgudstenester 1498 deltakarar

2023 : 3 konfirmasjonsgudstenester 1641 deltakarar.

2022: 3 konfirmasjonsgudstenester, 1138 deltakarar

Julaften gudstenester:

2024 : 3 gudsteneste totalt 738 deltakarar

2023 : 2 gudstenester totalt 765 deltakarar

2022: 3 gudstenester, totalt 541 deltakarar

Dåp

I 2024 vart det døypte 3 i Ikornnes sokn, og 40 i Sykkylven sokn, til saman 43 nye medlemar

44 døypte i 2023 (36 i 2021, 33 i 2022). Det er flott at dåpstala våre ikkje går mykje ned, men vi må følgje godt med på tala, og sjå om vi kan gjere meir for å invitere og oppmode til dåp. Går dåpstala ned vert det færre å sende ut informasjon/invitasjon om trusopplæring til.

Tidlegare fekk vi fødselsmeldingar frå sjukehuset, og då vart det sendt ut dåpsinvitasjon/informasjon til foreldra. Dette vart det slutt med for nokre år sidan pga personvern og innstrammingar. No er vi prisgitt at foreldra sjølve tek kontakt fordi dei ønskjer dåp. Kanskje kan vi få lagt ut brosjyrer på helsestasjonen, og annonsere i aviser og på nett?

"Drop-in" dåp kan vere eit tiltak som byggjer ned terskelen frå at dåp må vere ein kostbar fest, til å fokusere på dåpshandlinga.

Konfirmasjon

I 2024 vart det konfirmerte 23 ungdommar i Ikornnes sokn.

I 2024 vart det konfirmerte 63 ungdommar i Sykkylven sokn.

Vigsel

I 2024 vart det 1 vigsel i Ikornnes sokn.

I 2024 vart det 8 vigslar i Sykkylven sokn. (2023: 6 vigslar, 9 i 2022, 8 i 2021 i Sykkylven).

Kanskje er "drop-in" vigsel, som fleire kyrkjelydar inviterer til, ei idé å prøve?

Gravferd

I 2024 vart det 45 gravferder som vart forretta for befolkninga i Sykkylven sokn.

65 gravferder i 2023 (47 i 2022, 73 i 2021). Mykje av det daglege arbeidet til staben handlar om møte med dei sørgjande og gjennomføring av gravferder. Gravferder er ein viktig møteplass, med ei særskild moglegheit til å møte alle i kommunen vår.

Når det gjeld minning, skal presten gi ut ei personleg invitasjon til dei pårørande, og presten skal også sørge for minning påfølgjande helg i Sykkylven kyrkje. Sidan alle gravferder er i Sykkylven kyrkje, er også all minning der. Den som står som kontaktperson i samband med gravferda, får personleg invitasjon til Allehelgensdag.

Konfirmasjon (sjå under trusopplæring)

SOKNEPRESTEN RAPPORTERAR

Eksempel på ulike gudstenester gjennom året:

Skulegudstenester

Det vart arrangert 4 skulegudstenester før jul, med SVG, ungdomsskulen, Aure skule og Hundeidvik, Sørestranda og Velledalen Montessori barneskular. Det var stort frammøte alle stader, og god deltaking frå elevane ved alle gudstenestene. Spesielt må songen frå Hundeidvik, Sørestranda og Velledalen framhevast, dei song så presten fekk tårer i auga.

Vi opplever eit godt samarbeid med skulane, og håper å styrke det ytterlegare framover. Det var første gong for sokneprest Jonas i år, så mykje måtte finnast ut av. Neste år seier han at han veit bedre kven han skal kontakte, og kan vere ute tidlegare, slik at skulane får betre moglegheit til å delta og gjere gudstenestene til sine.

Allehelgensdag vart markert med lystenning for dei som vart gravlagde dette året.

Velledalskoret gav denne spesielle dagen eit løft, gjennom tekstar som: «Lord bless You and keep You, and shine upon You.» Helge Standal var prest.

Gudsteneste «Saman som kyrkje i heile verda»

Kyrkjelydsspedagog og kantor hadde hovudansvaret for gudstenesta, saman med arbeidsgruppa. Jonas var prest, nesten før han tok til i tenesta, og kyrkjelydsspedagog Kathrin held i alle trådane. Gudstenesta var eit nært samarbeid med søndagsskulen, kora og NMS. Dåp, spel, unge tekstlesarar, forbønarar, songarar og misjonsprosjekt i fokus. Involverte og engasjerte barn, familiar og besteforeldre på ein annan måte i både innhald og songval. Påfølgjande fest nede/ute.

Gudstenesteliv

Mangfald i musikk og forkynning

Som prest har eg fått oppleve ein engasjert kyrkjelyd og stab, som saman søker å gjere kvarandre gode, og forkynne evangeliet på ymse vis.

Vi har fått ein dyktig vikar i Kari Vatne nokre gonger, og vi har hatt flinke leke gudstenesteleiarar i Torbjørn Støylen, Svein Erik Kampenes og Kristin Lillebø. Torbjørn har så mykje å gjere i år at han må melde frå om å trekkje seg frå desse oppgåvene, men Svein Erik og Kristin er med oss vidare, samtidig som vi begge får glede av å høyre Kari Vatne og Helge Standal.

I denne samanhengen vil eg minne om Paulus sine ord i 1. Kor 13: *"No ser vi i eit speil, i ei gåte, men då skal vi sjå andlet til andlet. No forstår eg stykkevis, men då skal eg kjenne fullt ut, slik Gud kjenner meg fullt ut."*

Hugs på at speila på den tida ikkje var heilt som, vel, speil som vi kjenner dei i dag. Med dette i tankane skal vi hugse at ingen av oss forstår heile Guds bodskap; vi ser våre eigne brotstykke, og for å trekke bilete langt: eit forvridd bilete av oss sjølve, speilet i Guds ord.

Difor er det svært viktig at vi får variasjon i både forkynning, musikk og form, og det er noko eg håpar vi skal halde fram å arbeide med saman. Då er det viktig å hugse at ikkje alt vil passe for alle, men sidan vi er forskjellige, er det naturleg, og som Paulus seier i 1 Kor 9, 19-23:

"For sjølv om eg er fri og ikkje er underlagt nokon, har eg gjort meg til tenar for alle, for å vinne så mange som mogleg. For jødane er eg blitt som ein jøde, for å vinne jødar. For dei som er under lova, er eg blitt som ein som er under lova – sjølv om eg ikkje sjølv er under lova – for å vinne dei som er under lova. For dei som er utan lov, er eg blitt som ein som er utan lov – sjølv om eg ikkje er utan Guds lov, men bunden av Kristi lov – for å vinne dei som er utan lov. For dei svake er eg blitt svak, for å vinne dei svake. For alle er eg blitt alt, for i alle fall å frelse nokon. Alt gjer eg for evangeliets skuld, så eg sjølv kan få del i det."

Korint var prega av kulturelt mangfald og filosofiske straumar.

I versa 19-23 viser Paulus korleis han tilpassar seg ulike grupper (jødar, heidningar, dei svake) for å vinne dei for Kristus. Han gjer det klart at han ikkje kompromissar med trua, men at han er villig til å møte folk der dei er, for å kunne bringe dei evangeliet.

I dette, som i mykje anna, er Paulus eit førebilete for oss, og noko vi som kyrkjelyd skal søkje å lære av. I verda, men ikkje av verda.

Eg er også glad for at vi har eit så godt forhold til dei ulike bedehusa rundt omkring. Der skjer det mykje godt arbeid i Guds rike, og vi skal saman verke til det beste for Jesus, bygdene våre og for kvarandre. Vi søsken i trua, vi Guds barn.

Det sosiale aspektet

Medan vi enda budde i Sandefjord, gjekk kona mi og eg til ulike gudstenester, men det var ingen stader som greip oss. Årsaka var at utover sjølve gudstenesta, var det heller lite som skjedde. Vi kunne kome og gå anonymt, og det var korkje tilbod om eller invitasjon til noko utover det. Og det er no slik at vi menneske er skapte til fellesskap både med Gud og kvarandre, og ein kyrkjelyd bør tilby begge delar.

Her i Sykkylven har ein jobba godt med dette over lang tid, det er tydeleg. Hit kan ein trygt invitere folk, både kristne og ikkje-kristne, uansett opphav på jorda. Folk blir møtt med omtanke og omsorg. Det var ei årsak til at Jesus ofte møtte folk over eit måltid. Mat og drikke smører ganen og det sosiale, og slik vi har fellesskap oppe i kyrkjesalen, skal vi også ha fellesskap rundt borda etterpå.

Eg trur ikkje vi kan overvurdere tydinga av målretta arbeid med dette (så all takk og ære til dei som steller i stand) for å skape ei slik ramme at folk søkjer hit for fellesskapet, og kanskje blir her for forkynninga. Eller omvendt.

Vegen vidare, utfordringar og moglegheiter

Kva manglar vi - moglegheiter

Barne- og ungdomsarbeid

Så vidt eg kan sjå, (i alle fall) eit tilbod for barn frå 10 til 13, og frå 14 og oppover. Vi har eit opplegg for godt kristne barn i 10–13-årsalderen, og det håper eg skal halde fram som det gjer.

Men elles;

Aldersgruppe	Mål	Opplegg	Ressursbehov
10 til 13	Gi borna trygg og god forkynning, sunne verdiar generelt, ein hyggeleg stad å vere, og byggje relasjonar mellom borna og kyrkjelyden. Samstundes blir ein kjent med borna, noko som vil vere ein stor fordel i høve til konfirmasjon.	Det må vi jobbe med, men det skal vere eit tilbod kvar veke.	Leiarar av alle aldrar, som har teke vare på bornet i seg. Presten vil sjølv satse på å vere med på alle måtar.
Konfirmantald er og oppover.	Som over, men i tillegg; ta vare på nokre av konfirmantane i kyrkjelyden, og la dei få høve til å vekse vidare i trua.	Som over.	Leiarar. Leiarar. Leiarar.

Vaksenarbeid

Når vi ser på snittalderen blant dei aktive, er den, ikkje overraskande, ganske høg. Det er forståeleg med tanke på kor aktive og opptatte folk ofte er gjennom sine yrkesaktive liv. Vi har berøringspunkt i kasualia og når borna deira er med på aktivitetar, men vi manglar eit lavterskeltilbod til «folk flest». Både for å nå dei, men også for å gjere det naturleg for dei å søkje seg meir til fellesskapen vår når kalenderen blir litt meir open.

Eg har inga genial idé, og håper vi kan jobbe saman i kyrkjelyden.

Men kva vi enn gjer...

Nøkkelen til suksess i vårt arbeid finn vi i Jesu ord: «Eit nytt bod gjev eg dykk: Som eg har elska dykk, skal de elske kvarandre.» Kjærleik i Bibelen er meir handling enn kjensle, og vi må halde fram med å fremje ein praktisk omsorg og slik vennskap mellom oss at folk som kjem kan merke at vi verkeleg er Jesu disiplar.

Eg opplever ein kyrkjelyd som er kjenneteikna av godheit, og der frivilligheita er stor, så alt ligg til rette for eit godt arbeid vidare i Guds rike. Det er VÅR kyrkjelyd, der alle er velkomne, og alle trengst. Og, for å piske den hesten; vi er lemmer på same legeme, og vi er både likeverdige og like verdige. Syndarar er vi alle, men i Jesu namn er vi tilgjevne syndarar. La oss strebe etter å setje menneska rundt oss fri frå det som tyngjer, rydde bort det som stenger dei ute frå evangeliet, og hjelpe dei å seie ja til Jesus, samtidig som vi legg til rette for at vi skal ha gode dagar saman.

KANTOR RAPPORTERAR:

Musikk i gudstenestene

2024 har vore eit stabilt år når det gjeld musikkarbeidet i kyrkjene. Gudstenesterytmen med to gudstenester i Sykkylven kyrkje og ei gudsteneste i Ikornnes, har fungert godt. Folk møter opp i den kyrkja det er gudsteneste, sjølv om dei bur i det andre soknet. Tor Einar Steinsvik har 20% stilling som organist, og Rose Iren Stave har 100% stilling som kantor.

Samarbeidet i staben er godt, og vi har vore heldige med ein stabil sokneprest, også etter at Knut Farstad slutta og Jonas Richter Fjeld kom. Når vi har behov for vikar, anten organist eller prest, har vi fleire faste vikarar å spørje. Den reaksjonen deira som går igjen, er at dei likar veldig godt å kome hit som prest/organist. I gudstenestene syng kyrkjelyden godt med, og folk er engasjerte på mange vis.

Lovsangsgruppa har delteke fast i ei gudsteneste per måned, og også nokre gonger hatt åleineansvar for musikken. Sykkylven Gospelkor og Velledalskoret har sunge i gudstenester som takk for lånet av øvingslokalet i kyrkja. Sykkylven Janitsjarorkester spelte 1. juledag, tradisjonen tru. Credo Brass spelte både 1. påskedag, 17. mai, julaftan på BUAS, og i andre gudstenester. Ein søndag spelte dei også prelude ca. 15 minutt før klokkene starta, og då kom folk tidleg for å lytte. Dette var eit veldig fint tiltak som vi gjerne vil gjenta. Trompetist Per Grønli er fast med som muskar saman med kantor. Barnekoret Super, v/Natalia Alborno Leknes, har delteke i mange gudstenester. Dei er ein fin link inn mot søndagsskulen. Sykkylven Ungdomskantori har sunge i fleire gudstenester både frå galleriet og framme ved flygel.

Konsertar

Nyttårskonserten 4. februar hadde folketonar frå Sykkylven som tema, og alle kor og korps var med. Musikkleiar Åge Frøystad leda denne flotte konserten, saman med Sykkylven musikkråd v/Lindis Utgård. Etter eit heilt arbeidsliv i trufast teneste, gjekk Åge Frøystad av med pensjon denne sommaren. Vi var veldig heldige å få Tom Wenaas Gontièr som ny musikkleiar. Han gjorde ein god jobb i samband med den felles julekonserten. Denne valde Musikkrådet å ha samla i Sykkylven kyrkje dette året, ikkje konsert i Ikornnes kyrkje. Tilbakemeldingane var positive, så det blir slik også i år, men då med ein eigen barne- og ungdomskorkonsert i Ikornnes kyrkje på Luciadagen. Vi hadde ein slik Luciakonsert i Sykkylven kyrkje fredag kveld den 13. desember. Denne var stemningsfull og veldig fin, og vi vil gjerne gjere det igjen. 20. november heldt kantor Ola Eide orgelkonsert med musikk av 100-årsjubilant Egil Hovland. Viggo Solum las tekster frå Bibelen.

Kyrkja har også vore utleigd til konsertar:

13. april inviterte Velledalskoret til storkonsert saman med Skodje blandakor: Faurè sin Requiem. Fullt hus og vakkert. Velledalskoret heldt også sin tradisjonelle Julenattinè, med full kyrkje.

Andre konsertar: Ålesund Strykekvartett, domkantor Magnus M. Myhre saman med skodespelar Vivi Sunde, Påskefestival med Skodjekyrkjekor og kammerorkester og solistar, Countrykonsert, Konsert for Redd Barna ved Askjell Molvær, Håpskonsert ved Helge Standal, Lovsangskonsert ved Jorun Rausand, og Julekonsert med Rein Alexander og Anita Skorgan, og Julekonsert med Stine Regina Tusvik og Mathea Strømmegjerde m.fl.

BUAS

Musikkleiar organiserer ei dugnadsliste der kor og korps og andre held konsertar i Jettegryta kafé. Både Ungdomskantoret og Barnekoret Super har halde konsert der. I tillegg har Rose Iren og Per halde konsertar der. Julaftan heldt sokneprest Jonas gudsteneste der saman med Credo Brass og Credo Vokal. Diakon Kristin arrangerte juletreffest på BUAS i januar. Rose Iren og Babysang arrangerte sangstund 3 gongar våren 2024.

Babysang

Kantor heldt babysang kvar torsdag. I vårsemesteret var deltakinga på mellom 3 og 13 babyar. Dei tre torsdagane dei var på BUAS, var det 6 babyar. Ca 20 gamle sat i ring rundt babyane og song med i stor glede. Helsestasjonen ser på Babysang som ein veldig fin lavterskel-arena for å treffast og bygge nye relasjonar. Dette gjeld både innfødde Sykkylvingar og flyktningar som er nye i landet. Vi i kyrkja ser at Babysang også er ein fin arena for å få ein trygg og positiv relasjon til kyrkja, der mødrene også enkelt og naturleg kan få kontakt med prest eller kontorsekretær ved spørsmål. Utfordringa vår no er å finne ein som kan drive babysang vidare framover. Kantor ser at ho må prioritere dette vekk i si stilling.

Barnekoret Super

er koret vårt for born frå 3 til 8 år. Dei har hatt øving annankvar onsdag kl. 17.15 i Kyrkjekjellaren: Sang – leik – kveldsmat – sangen «Må Gud velsigna deg» som avslutning. Dyktig dirigent er Natalia Alborno Leknes. Styreleiar er Julie Lermo, og styremedlem Madelen Fremstad. Rose Iren er med på piano av og til, særleg før opptreden. Jorun Rausand spelte til koret på Kyrkjemessa, og både Tor Einar Steinsvik og Arvid Havåg har spelt til dei i gudstenester. Dei er eit aktivt kor. Alle barnekora våre brukar appen Spond til å ha kontakt med foreldra.

Kor Kjekt

Hausten 2024 starta vi eit nytt kor! Vi brukte vårt gamle namn KorKjekt, sidan vi har gensarar m.m. Dirigent er Nathalie Kanestrøm Utgård, saman med Kathrin Notanes Riksheim. Dei har hatt øving annankvar måndag. No frå februar 2025 og framover blir øvingane på tysdagar. Dette er koret vårt for 2.-7. klasse, ein alder som har potensial til å få med mange songarar. Dei har det kjekt på øving.

No i oppstartfasen, når det enno ikkje er så mange med, har vi lagt vekt på å opptre ilag alle 4 kora: Jippikoret på Ikorntnes, Barnekoret Super, Kor Kjekt og Sykkylven Ungdomskantori. Det har vore veldig fint, både på Luciakonserten, på Julekonserten og Julaftan.

Sykkylven Ungdomskantori

Øver i Kyrkjedal 2 kvar torsdag kl. 18. Dirigent er Rose Iren Stave, saman med Jorun Rausand. Vi har hatt 5 unge songarar, og vi har gjort mykje kjekt ilag. I januar var vi på Ungdomskortreff i Kristiansund, i september var vi og song på Festspela i Geiranger, og i oktober var vi på Ungdomskortreff i Spjelkavik kyrkje. 2. helga i februar 2025 blir vi med å arrangere Kantorileiarkurs/kortreff her i Sykkylven kyrkje, saman med ungdomar frå Spjelkavik kyrkje, i regi av Ung Kirkesang.

Orgelklubben i Møre hadde samling i Molde i januar ved kantor Gunnar Inge Eide, med 8 flotte, store gitar. Kulturskulerektor arrangerte eit dagens kurs i november i Sykkylven og Ålesund med kantor Nikolas Fehr. Klubben sende medlemmar på orgelseminar både i Stavanger og i Nidarosdomen.

MENIGHETSPEDAGOGEN RAPPORTERAR :

Trusopplæring

Generelt trusopplæring på tvers 50/50 fordeling tiltak.

Kontinuerlege tiltak

Aktivitetsklubb for barn med tilretteleggingsbehov

Oppstart mars 2022. I mars feira vi eittårsdag til stor jubel. Klubben er for barn i alderen 8 år og oppover (ingen øvre aldersgrense). To fredagar i månaden i kyrkjekjellaren i Sykkylven, kl. 17.30–20. Ulike aktivitetar, enkelt måltid. Driven av foreldre, Ingrid Grande og kyrkjelydspedagog. Ingrid får løn etter reglement for frikjøp av ungdom. Konfirmantar som vil, hjelper til som ein del av konfirmasjonen. Dette er populært blant barna i klubben.

Godt motteke tilbod, svært viktig for dei som deltek. Dette er eit tilbod der målet ikkje er at klubben skal bli stor i talet på brukarar, då det i utgangspunktet er barn/ungdom som har utfordringar med å vere i til dømes store grupper med mykje støy.

Totalt 15 klubbkveldar. Ingen foreldrestyrte klubbkveldar i 2024. Held fram i 2025.

Tweens

Tilbod

for 5.–8. klassingar for ei avgrensa gruppe med utgangspunkt i søndagsskulens SLUSHERE (unge leiarar i søndagsskulen), men også andre. Planlagt gjennomført ein gong per måned i kyrkjekjellaren i Sykkylven. Vurderer å setje opp terminliste, følgjer opp vidare. Brukar Søndagsskulen Norge sitt undervisningsopplegg «Aldri aleine». Kvar samling har aktivitet og mat. Aktivitetane varierer mellom leik, lovsong, hobby og matlaging, barna er med på å bestemme kva dei vil neste gong.

Diskusjonar om korleis nå ut til fleire tweens samtidig som ein klarer å ivareta eit trygt, kristent fellesskap som inviterer til samtale og undring. Har halde på tweens som no er elevar ved ungdomsskulen. Veldig positivt då dette er ein ny trend. Også fleire barn som er kjende med kyrkja via søndagsskulen og Jippikoret på Ikorntnes som no er komne til. I snitt er det ca. 8 stk. barn/ungdom.

Konfirmantar som treng tilrettelegging/alternativ konfirmantundervisning har delteke på tweens i staden for den ordinære undervisninga. Noko som fungerte godt.

Tilbodet er eit velfungerande samarbeid på tvers av sokna.

Tweensleiarar: Marit E. Lunde, Jorunn L. Rausand, Grete Sporsheim, Kathrin N. Riksheim med bistand frå «bakaren» Liv Fauske. Held fram i 2025.

Søndagsskule Tilbod for alle barn. Gjennomførast kvar søndag under gudstenesta. Brukar opplegget «Sprell levande», «Gullivergjengen» for dei minste barna og «Agentklubben» for barn i alderen 6–9 år.

SLUSHere – Sprell Levande Unge Søndagsskule Hjelparar Fleire av barna i storskulen er medhjelparar under søndagsskulen. Slik sørger ein for eit opplegg også for desse. Denne ordninga har fungert fint, og det verkar som om dei eldste barna synest dette er kjekt.

Kvar vaksenleiar har 2–4 SLUSH'ere som dei har som sine medhjelparar og følgjer opp. Noko fråfall, per no har vi 18 SLUSH'ere! Tre stk. var på SLUSH-kurs ved Brusdalsheimen. Marit Lunde var med som leiar. Ordninga held fram i 2025

Breddetiltak

4-årsbok Felles utdeling av 4-årsbok under gudsteneste i Sykkylven 11.02.og 18.02. på Ikorntnes. Tilpassa innhald i gudstenesta fram til borna gjekk ned til samling saman med søndagsskulen. Dette samarbeidet fungerer fint. Det kan vere utfordrande med born som er vane med søndagsskule, samtidig med born som aldri har vore med før. Leiarane ved søndagsskulen gjer ein kjempejobb. Konfirmantar hjelpte til, og barnekoret song.

Alle døypte 4-åringar i bygda fekk invitasjon i posten, SY: 27 stk., IK: 10 stk.
Totalt 10 bøker vart delte ut, SY: 7, IK: 3 stk.

6-årsbok Utdeling av 6-årsbok i gudsteneste 14.04. i Sykkylven. Tilpassa innhald i gudstenesta fram til borna gjekk ned til samling saman med søndagsskulen. Dette samarbeidet fungerer fint. Det kan vere utfordrande med kombinasjonen av born som er vane med søndagsskule og born som aldri har vore med før. Leiarane ved søndagsskulen gjer ein kjempejobb. Konfirmantar hjelpte til, og barnekoret song.

Alle døypte 6-åringar i bygda fekk invitasjon i posten, SY: 24 stk., IK: 12 stk. Totalt 14 bøker vart delte ut, SY: 7, IK: 7 stk. Nedgang frå i fjor trass tilsvarande storleik på kullet.

Utdeling av Bibel

Felles utdeling av Biblar fann stad under gudstenesta 01.12. i Sykkylven kyrkje. Konfirmantane tok imot 11-åringane og delte ut Biblar på eiga hand. Det var ei eiga samling i kyrkjosal 1, der borna fekk ei kort innføring i Bibelen og korleis slå opp i henne. Dette vart følgt av ein Bibelrebus der konfirmantane var lagleiarar, med premiering til alle etterpå. Bibelrebusen fungerte svært bra. Invitasjonar vart sende ut til medlemmar, men vi delte også ut til andre som ønskte det eller som hadde vore med på LysVåken. Totalt vart 37 Biblar delte ut.

Generelt om utdelingar

Det er ei utfordring at få møter opp for å motta bok eller Bibel. Vi vil derfor dele ut til begge sokn i same gudsteneste, både av omsyn til borna, som kan oppleve det som skremmande å stå aleine framfor alle, og for å nytte ressursane betre. Vi tilstrebar å dele ut 4- og 6-årsbøker i Ikorntnes kyrkje og Biblar i Sykkylven kyrkje, i tråd med fordelinga av breddetiltak mellom kyrkjene. Biblar vert delte ut saman med Lys-Våken-arrangementet i Sykkylven kyrkje, for å nå fleire 11-åringar.

Vi ønskjer også å vurdere om det er mogleg å invitere til samlingar for borna og foreldra i forkant av utdelingane, for eksempel ei kveldsamling på ein vekedag veka før gudstenesta.

Dette for å trygge borna, gi undervisning til foreldra om trusopplæring i heimen, og byggje relasjonar til foreldra slik at dei ser verdien av tilboda kyrkja har for barn og ungdom.

Det er svært positivt når barnekor er til stades under desse utdelingane. Stor takk til Barnekoret Super som villig stiller opp; det betyr mykje.

Barabbas-samling

Alle 5-åringar i bygda vart inviterte til Barabbas-samling i Ikornnes 23.03., kl. 11–14. Døypte fekk personleg invitasjon. Samlinga inneheldt påskevandring i kyrkjerommet, song, skattejakt, mat og aktivitetar. Ti born med foreldre deltok.

Dette var eit heilt nytt opplegg der vi vandra og leika oss gjennom dagane i påskeveka. Seks stasjonar, mellom anna der borna fekk smake vin og oblat, døype bamsane sine og undre seg over kvar Jesus i grava vart av. Opplegget kan gjennomførast av éin person. Vellykka opplegg som kan brukast også i 2025.

Lys Våken

Felles Lys Våken vart gjennomført 30.11.– 01.12. med overnatting i kyrkjerommet i Sykkylven. Tema: Korleis Jesus er lys i liva våre, og korleis vi kan vere lys for kvarandre.

Borna fekk bli kjende med kyrkja, det nye kyrkjeåret vart feira med festmiddag, lagning av bivoksllys og kampkveld. Borna deltok i gudstenesta med prosesjon, tenning av adventslys og lesing av adventsdikt. Trettifire 11-åringar deltok.

Tretten konfirmantar hjelpte til laurdag og søndag, noko som var svært positivt for opplegget. Anbefaler vidareføring av ordninga med konfirmantar. Åtte av desse overnatta i kjellaren, der dei gama, såg film og hadde det kjempekjekt.

Under Lys Våken-arrangementet bidrog Natalia Leknes og Sandra R. Fjeld som frivillige, i tillegg til menighetspedagog og prest. Sandra hadde ansvar for kjøkkenet og for å engasjere foreldra der. Det var også foreldrevakter gjennom heile arrangementet, inkludert vakne nattevakter.

Vi opplevde nokre utfordringar med påmeldingar etter fristen; fem meldte seg på same dag som arrangementet, og to møtte opp utan påmelding. Dette gjorde det krevjande å sikre korrekt kontaktinformasjon til foreldra, koordinere tilretteleggingsbehov og hjelpe til med gjennomføringa av arrangementet. Vi måtte også vurdere overnatting, brannsikkerheit og reglement for talet på vaksne per barn. Likevel fekk alle delta.

Tårnagent

Tårnagenthelga vart ikkje gjennomført grunna behovet for mange ungdoms- og vaksenleiarar for å kunne dele opp i grupper. Vi arbeider med å rekruttere ungdomsleiarar og prøver å integrere litt utforsking av kyrkja i andre tiltak og møter med barn og ungdom inntil dette er på plass. Rekrutteringa av ungdomsleiarar er godt i gang.

Tårnagenthelga er eit opplegg der barna kan utforske kyrkja, klokketårnet og Bibelen gjennom ulike oppdrag og mysterium. Dette konseptet er utvikla i samarbeid med Søndagsskolen Norge, og det er fint om Tårnagenthelga lokalt kan organiserast saman med den lokale søndagsskolen.

Konfirmantarbeidet

Konfirmant–kullet 23/24

Totalt var det 86 konfirmantar, der 66 hørde til Sykkylven. Det vart halde seks ordinære konfirmasjonsgudstenester og fem tilrettelagde gudstenester, der fire vart utførte av menighetspedagogen etter avtale med prosten. Menighetspedagogen følgde opp desse familiane gjennom heile konfirmantåret.

To konfirmantar vart døypte, og soknepresten følgde opp desse.

Det er viktig å merke seg at tilrettelegging for konfirmantar med spesielle behov kan handle om funksjonshemmingar, lese- og skrivevanskar, angst, sjenanse, sjukdom i nær familie eller andre forhold. Kyrkja vil forsøke å møte desse behova på best mogleg måte.

Undervisning

To og to klasser møtte til konfirmantundervisning i kyrkjekjellaren x 4. Konfirmant laurdag 13. 01. på Ikorntnes med undervisning ved Håkon Fagervik, og aktiviteter ved Laget. Det vart gjennomført undervisning etter ei gudsteneste, samt undervisningsgudsteneste der konfirmantane gjennomførte dei fleste ledd bortsett frå dåp, innstiftingsord for nattverd og tale. Fasteaksjon gjennomført 19.04.

Totalt utgjer det ca. 35t pr. konfirmant. Målet er 60 timer.

Kyrkjelydsarbeid – valfrie aktiviteter

Konfirmanter har deltatt i ulike diakonale og trusopplæringstiltak som ein del av obligatoriske aktivitetar dei skal gjennomføre iløpet konfirmantåret. Så langt har dette vore ein stor suksess. Konfirmantane har deltatt på Aktivitetsklubb, førebuing til Allehelgensdag, utdeling av bollar, kaffi og gravlykter ved Allehelgensdag, Lys-Våken, utdeling av Bibler til 11-åringar, kirkebok til 4- og 6-åringar og lage dåpsposar. Anbefaler at denne ordninga også for neste konfirmantkull.

KRIK er med som ein aktivitet konfirmantane kunne delta på utover obligatoriske gudstenester. KRIK vert leia av Rasmus Elias Myklebust.

Fasteaksjon

Fasteaksjonen vart gjennomført 19.04. med dør-til-dør som innsamlingsform. Komiteen bestod av Malin Andrea Uri frå Ikorntnes, Georgia D. Sandberg og Eli Myrene frå Sykkylven, samt kyrkjelydspedagogen.

Det vart halde eitt planleggingsmøte, eitt møte for å førebu roder og bøsser, samt sjølv aksjonsdagen. Oppgåver og ansvar vart fordelte mellom komitémedlemmene. For å auke motivasjonen til konfirmantane som var bøsseberarar, vart det delt ut «gullbilletter» på halvparten av rodene. Desse kunne bytast inn i gavekort hos Pizzabakeren, som sponsa nokre av dei. Dette var ein suksess og bør gjentakast i 2025.

Speidarane sine roder og kart vart nytta. Medlemmene i soknerådet skaffa frivillige til å hjelpe der det var behov. Dette varierte. Foreldra til konfirmantane var ikkje involverte utover sjølv aksjonsdagen. Eit tips for 2025 er at dei kan hjelpe til med å førebu bøsser.

Det vart servert pizza til konfirmantane då dei leverte inn bøsse i Sykkylven kyrkje. Det var samarbeid med kyrkjene på Stranda om pressemelding i NYSS. Samarbeidet i komiteen fungerte svært godt, og gjennomføringa var vellukka. Statistikkar for resultatata ligg på Kirkens Nødhjelp sine sider; ein kan logge inn per kyrkjelyd.

Konfirmant-kullet 24/25 : Totalt er 72 konfirmantar påmelde.

Det er kyrkjelydspedagog og sokneprest som saman har ansvar for konfirmantarbeidet. Dette blei innleia med bli-kjent-kveldar, før dei drøye 70 konfirmantane skulle på ein av tre helger. Éin med fokus på friluftsliv, ein med fokus på film og media, og ein med fokus på musikk.

Førstnemnde var den mest populære. Saman med frivillige, tidlegare konfirmantar, Jakob Lunde og Rasmus Elias Myklebust, stilte foreldra opp for å ivareta ulike oppgåver.

Fokuset for opplæringa er frelse gjennom nåde, barmhjertighet og nestekjærleik som dei bærebjelkane i den kristne etikken, styrken i det kristne fellesskapet, og generell opplæring i bruk av Bibelen. Vi ønsker også å dyktiggjere dei unge til livet generelt sett, og vil lære dei litt meir enn berre Fadervår.

Opplæringa skjer ved bruk av film, quiz, korte opplæringsbolkar, dialog, 'grill ein kristen', helger, møte, gudstenester og heimegrupper. Vårt håp er ikkje berre at deltakarane skal få med seg fundamentet i kristendommen, men også byggje relasjonar med folk i kyrkjelyden, slik at dei kan føle seg heime i kyrkja og heime blant oss. Vi håpar vidare å rekruttere nokre framtidige leiarar til ungdomsarbeidet blant dei, og vil finne ut kva slags tilbod vi kan lage for å behalde nokre av dei som aktive kyrkjemedlemer.

Undervisning

Konfirmantundervisning vart gjennomført i kyrkjekjellaren fire gonger. Det vart arrangert tre konfirmantleirar med ulike tema i september ved Fjellseter Ungdomssenter. Nytt av året var at konfirmantane fekk melde seg på den leiren dei ønskte. Dette gjorde at vener kunne vere saman, noko som bidrog svært positivt til opplevinga av leiren både for deltakarar og leiarar. Onsdag i forkant av leiren hadde vi ein sosial kveld med konkurransar og pizza i kyrkjekjellaren. Der fekk dei treffe dei dei skulle på leir med, samt bli kjende med leiarar, kyrkjelydspedagog og prest.

Jakob Lunde og Rasmus Elias Myklebust deltok som frivillige leiarar, saman med 12 ungdomsleiarar fordelt på dei tre helgene. Sandra R. Fjeld hjelpte òg til delar av tida på dei to siste leirane. I tillegg vart Gi Glede leigd inn med ansvar for kjøkkenet. Dette hadde stor betydning for flyten på leiren, spesielt for kyrkjelydspedagogen som vart frigjort til å vere saman med konfirmantane mellom aktivitetane og undervisninga. Tidlegare år har denne tida blitt brukt til å koordinere foreldrevakter. Gi Glede deltok i planlegginga av menyen, bestilling av mat og tok heile ansvaret for kjøkkenet alle tre dagane. Vi anbefaler å bruke same løysing i 2025.

Første leir hadde temaet friluftsliv, andre leir hadde temaet musikk og media, og tredje leir hadde misjon og diakoni som tema. Under tredje leir delte Sandra R. Fjeld og Therese Hovland sine erfaringar med hjelpearbeid både i inn- og utland.

Kyrkjelydsarbeid – valfrie aktivitetar

Konfirmantane har delteke i ulike diakonale og trosopplæringstiltak som ein del av dei obligatoriske aktivitetane dei skal gjennomføre i løpet av konfirmantåret. Så langt har dette vore ein stor suksess. Konfirmantane har delteke på Aktivitetsklubb, førebuingar til Allehelgensdag, utdeling av bollar, kaffi og gravlykter på Allehelgensdag, Lys-Våken, utdeling av biblar til 11-åringar, kyrkjebøker til 4- og 6-åringar, laga dåpsposer og godteposer til Lys-Våken. Vi anbefaler å vidareføre denne ordninga for neste konfirmantkull.

KRIK er med som ei aktivitet konfirmantane kan delta på i tillegg til dei obligatoriske gudstenestene. Det var stor oppslutnad om KRIK i haustsemesteret '24. KRIK sentralt/ettåringar kom på besøk i starten av semesteret og hadde kick-off saman med kyrkjelydspedagogen. To konfirmantar deltok på KRIK-actionleir på Lillehammer i nyttårshelga. Kyrkjelydspedagogen tilstrebar å vere med på KRIK ein gong i månaden. KRIK er leia av Rasmus Elias Myklebust og eit styre bestående av konfirmantar.

Undomsarbeid

Ungdomsleir – samarbeid med NMSU og Sykkylven kyrkjelege fellesråd med menighetspedagog

I november hadde vi regionkontakten frå NMSU på jobblunsj for å diskutere samarbeid om ungdomsarbeidet framover. I tillegg var KRIK Sykkylven, Laget Sykkylven og Hundeidvik bedehus inviterte.

Dette resulterte i ein planlagt ungdomsleir på Orreneset 21.–23.mars 2025, der NMSU og Sykkylven kyrkje er hovudarrangørar.

Det vart òg einighet om at kveldsgudstenesta burde satsast på. Den fyrste kveldsgudstenesta vert arrangert 16. mars 2025.

Prostikontakt ungdom

Frå oktober av vart menighetspedagogen vald til «prostikontakt ungdom» for vårt prosti. Hittil har oppgåvene vore å følgje opp «Follow Me»-prosjektet, arbeide med dei nye rammeplanane for trusopplæring og å blåse liv i ungdomsdemokratiet att.

Skule-/barnehage – kyrkje-samarbeid

Bibelsporet

Menighetspedagogen deltok på eit tredagerskurs på Hareid i Bibelselskapet sin metodikk «Bibelsporet». Dette opplegget, utarbeidd i samarbeid med skulevesenet, er meint for 4.–5. klassingar og omfattar undervisning i både Nye og Gamle Testamentet med rørsler og artefaktar. Det er tiltenkt for to x 2 skuletimar. På sikt håpar vi å kunne besøkje skulane og ta i bruk dette opplegget. Det er ikkje tillate å nytte dette opplegget i ordinær trosopplæring, sidan det kan få negative konsekvensar for skule–kyrkje-samarbeidet nasjonalt. Om lag 30 % av skulane i Noreg brukar i dag Bibelsporet.

Påskevandring

Fem grupper frå Ikorntnes FUS-barnehage var på påskevandring i Ikorntnes kyrkje 21. mars. Dette var eit heilt nytt opplegg der vi vandra og leikte oss gjennom dagane i påskeveka, med seks stasjonar, mellom anna der borna fekk smake på vin og oblat og undra seg over kvar Jesus i grava var. Etterpå var det bollar, pålegg og saft i kyrkjekjellaren. Opplegget kan gjennomførast av éin person. Det var eit vellukka opplegg som kan brukast også i 2025, men då skal det gis som eit tilbod til alle barnehagane i bygda. Kortversjonen vart òg gjennomført for Jippikoret.

Julevandring

Tilbodet var retta mot alle barnehagane i bygda. Vi leikte oss gjennom juleevangeliet med sju stasjonar. Arrangementet vart gjennomført av ein kantor og menighetspedagog. Éin dag med fem grupper på Ikorntnes, med totalt 68 born (ekskludert vaksne) To dagar i Sykkylven kyrkje med sju grupper og 119 born (ekskludert vaksne). Totalt deltok 186 born og om lag 50 vaksne.

Frivillige hjelpte til med utdeling av julemenn og saft i kyrkjekjellaren. Det var gode tilbakemeldingar frå barnehagane. Veldig kjekt tiltak som bør halde fram i 2025.

Anna

- Trusopplærar tilsett i 100 % fast stilling vart ferdig utdanna menighetspedagog i juni 2024.
- Trusopplæringsplanar for 2024 er ferdig rapporterte.
- Rapportane for SSB 2024 er ferdige.
- Rapporten for Ung Kirkesang er godkjent.

DIAKONEN RAPPORTERAR :

Tanken bak dei ulike diakonale tilboda som er igangsette og gjennomførte i året som har gått, har vore å prøve å gi kyrkja og bygda kjekke fellesskap, glede, oppmuntring og omsorg. Ønsket er at tilboda skal opplevast relevante og aktuelle for mange, også for dei som ikkje jamleg går i kyrkja. I året som har gått har det vore arrangert mange store diakonale arrangement som har vore tidkrevjande å gjennomføre, men som til gjengjeld kanskje har opna kyrkja for enda fleire. Kyrkja ynskjer vidare å vere ei folkekyrkje og ein viktig samfunnsaktør. Difor er diakonien opptatt av å sjå etter behov, samt vere med og dekke behov som vi opplever samfunnet har.

Nokre av dei diakonale tiltaka som blei gjennomførte i 2024, er:

- Dele ut gravlys til dei frammøtte på allehelgensgudstenesta
Den første søndagen i november markerte vi Allehelgen i Sykkylven kyrkje. Dei som har mista nokon det siste året, er spesielt inviterte og får tilsendt brev i posten med invitasjon. Vi delte ut gravlys med englekort og bibelvers til alle dei frammøtte. Det blei også utdelt kaffe/te/saft/twist etter gudstenesta i våpenhuset. Dette var for å gi dei som ikkje «vågar» eller ønskjer å delta på kyrkjekaffien, eit alternativ. Serveringa og utdelinga av gravlysa blei godt motteke. Dei frammøtte gav uttrykk for at dei følte seg sette, møtte og ivaretekne.

Vi hadde også open kyrkje etter gudstenesta til kl. 15.00. Det var ingen som benytta seg av dette tilbudet, men vi tenkjer likevel at open kyrkje er viktig, og at det tar tid å innarbeide slike nye tilbud. Vi vil imidlertid diskutere om vi skal korte ned opningstida på den opne kyrkja på Allehelgensdag, sidan tilbudet ikkje hadde nokon brukarar. Ein anna idé er å ha open kyrkje på kveldstid, i staden for på dagtid denne dagen.

- Konfirmantane var også i år delaktige i samband med Allehelgen. Dei var blant anna med på å lage gravlysa som blei delt ut. Dei var også med på å pynte, dele ut gravlys og programblad, samt servere kaffi og twist på sjølve Allehelgensdagen. Konfirmantane gjorde ein fantastisk innsats, og opplevde sjølv oppgåva som meiningsfull. Vi har derfor eit stort ønske og håp om at konfirmantane vil fortsetje med denne tenesta i åra framover. Alle dei 100 gravlysa som blei laga fekk «bein å gå på», derfor vil vi i 2025 lage endå fleire gravlys, slik at vi sikrar at alle som har lyst får ta med seg eit gravlys frå kyrkja denne dagen.

Open kyrkje

Open kyrkje blei starta våren 2022. I utgangspunktet er kyrkja open kvar dag frå 10.00–14.00, men på måndagar frå kl. 11.00–13.00 er kyrkja spesielt tilrettelagd med bønnevandring. Open kyrkje gir rom for ettertanke, bøn og stillheit. På open kyrkje kan ein blant anna tenne lys, skrive bønelappar og lytte til musikk. Det er per dags dato få som nyttar tilbudet. Sjølv om det er få brukarar, er det ein verdi i seg sjølv at kyrkjelyden og bygda veit at kyrkja er open kvar måndag og kan ta i bruk tilbudet ved ynskje eller behov. Med tanke på at få nyttar seg av tilbudet slik det er i dag, kan ein idé vere å flytte tilbudet til ein annan dag seinare i veka. Kanskje kan «beachflagg» om Opa kyrkje stå ute?

Open

Onsdagstreffet

Onsdagstreffet er eit samarbeid mellom pensjonistlaget og kyrkja. Onsdagstreffet er eit treff for alle som er heime på dagtid. Treffet varer frå ca. 11.00–13.00. Fellesskap, den gode samtalen og å ha det kjekt i lag står i sentrum. Det blir servert lunsj, kaffe og te. Programmet har vore variert og allsidig. I 2024 har det vore mange spennande førelesingar om kjente og kjære Sykkylvingar. Førelesingane blei svært godt mottekne, og ein ønskjer å fortsette med slike førelesingar på treffa også i 2025. Treffa er populære, og det har vore mellom 60 og 80 personar kvar gong. I 2025 vil ein også starte med felles busstur på slutten av semesteret, og besøke flotte perler i Sykkylven. Bussturen vil vere guida, og det vil bli servert kaffe og ein enkel matbit på turen. Frå 2025 vil treffa bli arrangert på måndagar i staden for onsdagar.

Tysdagstreffet

Tysdagstreffet er eit treff som har vore arrangert sidan 2012 i Ikorntnes kyrkje. Ikorntnes sokneråd har stått som arrangør for treffa. Treffa blir arrangert annakvar tysdag frå 11.00–13.00 i kyrkjekjellaren i Ikorntnes kyrkje. Treffa består av ord for dagen, lett underhaldning/foredrag, nysteikte vafler og kaffe. Tilbodet er ein viktig sosial møteplass for folk som er heime på dagtid på Sørestranda og omegn. Det har vore mellom 50 og 70 personar på treffa kvar gong, og vi har plass til enda fleire. I 2024 hengde vi opp plakatar med program for semesteret på alle postkassestativ på Ikorntnes og omegn. Dette hadde positiv effekt. Folk blei både informert om programmet og påminna om treffa. I 2025 vil tilbodet skifte namn frå «Tysdagstreff» til «Tirsdagstreff», og arrangør blir «Unge pensjonistar frå Ikorntnes» i staden for Ikorntnes sokneråd. Tysdagstreffet har ein stor, flott komité bestående av 10 unge pensjonistar frå Ikorntnes og diakon.

Strikkekafé

Våren 2023 blei det starta strikkekafé i Sykkylven kyrkje. Kaféen er for alle i alle aldrar, nybegynnarar som vidarekomne. Kaféen er dreve av Lisbeth Stamgård Aure og Torunn Kjemphol og er kvar tredje veke frå kl. 18.30–20.30. Det er ca. 12–20 personar på kaféen kvar gong. Det er enkel servering med kaffe/te/brus og lefser, vafler eller kake. Strikkekaféen er eit kjekt og sosialt tilbod og er eit viktig treffpunkt for personar som er glad i handarbeid. Torunn Kjemphol og Lisbeth Aure vil fortsette å drive strikkekaféen også i 2025.

Allsong på bygda

Våren 2023 blei eit program som heiter «Demenskor» vist på TV. Programmet blei ein stor suksess, og det blei starta demenskor over heile landet. Det var spørsmål om ein også i Sykkylven skulle starte eit slikt kor, men kven skulle eventuelt starte dette tilbodet? Kommunen? Hukommelsesteamet? Mange ønskte tilbodet velkomen, men kommunen hadde ikkje ressursar til å drive eit slikt arbeid.

Diakonen synst også tanken på eit demenskor var god. Det å starte eit demenskor krev imidlertid mykje ressursar og mykje organisering. I ei lita bygd er det heller ikkje lett å stable på plass eit heilt kor, då mange ikkje har lyst til å stå fram med sjukdommen. Demens er ein sjukdom som det enno er knytt mykje tabu og skam til. Sjølv om det har blitt mykje betre og det er meir openheit kring sjukdommen, er det enno ein lang veg å gå.

Mange som har sjukdommen demens har heller ikkje lyst til å skille seg ut, men vil vere «vanlege» og gjere «vanlege aktivitetar». Ut frå dette kom ideen om «Allsang på bygda». Dette er eit tilbod for alle, sjuk som frisk, gammal som ung.

Tanken er at ein kan kome slik ein er, og synge med stemma ein har. Her kan ein synge høgt, lavt, trestemt eller berre sitje og lyte til musikken. Det er ikkje krav til songferdigheiter, og du binder deg ikkje opp til å vere med kvar gong. Ein kjem når ein har anledning, lyst og tid. Fokuset er lave skuldrar, fellesskap, humor og songglede. Song er folkehelse på høgt nivå, og det er bra for absolutt alle.

Allsangen er vidare bygd opp slik som ønskekonserten på NRK. Først er det songar som ein lærte i barndommen, deretter er det songar med kristent innhald, og til slutt er det slagerar/populærmusikk. Konseptet er også bygd opp slik at ein skal få litt bakgrunnsinformasjon om kvar song/komponist. Dette fordi det er kjekt å mimre. Når ein veit litt om kvar song, er det endå kjekkare å synge den enkelte songen. Bakgrunnsinformasjonen gjer det også litt meir spennande for dei som ikkje vil synge, men berre lyte. Etter songen er det servering av kaffe/te og påsmurde bollar i kyrkjekjellaren.

Tilbodet hadde godt oppmøte, frå 80 til 150 frammøtte. Det var god stemning og fantastisk lyd i forsamlinga. Vi var så heldige at Askjell Molvær var pianist. På kvar allsang var det også med ein gjesteartist, som Halstein Kurseth og Anette Fet. Treffet er i samarbeid med songglade pensjonistar og Helselaget. Helselaget står for flott servering kvar gong.

«Allsang på bygda» hadde 1-års jubileum den 28. april kl. 17.00 med Kim Wigaard på besøk. Dette blei ei flott og sterk oppleving. Diakonen synst det var utruleg sterkt at nesten 500 menneske i alle aldrar song allsang i lag i Sykkylven kyrkje. Eit flott band bestående av Rose Iren Stave, Halstein Kurseth, Sveinung Utgård og Elin Dyrkorn var med å sette «prikken over i-en» på arrangementet med fantastisk akkompagnement til allsangen. Helselaget og songglade pensjonistar var med å lage eit flott sunnmørsk kakebord for å markere 1-års jubileet.

Det blei også arrangert «Allsang på bygda» julespesial søndag 24. november kl. 17.00 i Ikornnes kyrkje. Her var det nærare 250 frammøtte. Sybla/Hubla-koret var gjesteartistar. Rose Iren Stave og Askjell Molvær akkompagnert allsangen på meisterleg vis. Og Ikornnes sokneråd stilte med storslått kakebord etter songen.

Det er tydeleg at song og musikk treff ein nerve i folk. Song er fellesskapsbyggjande, det er helsebringande, gir glede og energi, og det er noko dei fleste kan vere med på. Vi treng slike fellesskap, i den tida vi lever i no. Vi vil fortsette med «Allsang på bygda» også i 2025.

Seniordagen

Seniordagen er ein dag der seniorane i bygda skal hedrast. Seniordagen er eit samarbeid mellom kyrkja og kommunen. Kyrkja står for pynt, program og mat, medan kommunen står for den økonomiske biten. Ordføraren kjem også med ei helsing. Seniordagen har vore arrangert i fleire år, og det er Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd som saman med ein ansatt har hatt ansvar for pynt, servering, opprydning, oppvask, program med meir.

I år blei seniordagen arrangert av ein komité bestående av May Lisbeth Hovlid Aurdal, Arild Sporsheim, Kristin Kjemphol Lohne samt mange flotte frivillige, både frå sokneråda og andre. May Lisbeth Hovlid Aurdal leia samlinga på meisterleg vis.

Seniordagen blei i år lagt til første søndag i advent. Sidan det var første søndag i advent, blei det servert nydeleg jule tallerken til laga av Morten Rotnes., og riskrem og heimelaga jordbærsaus til dessert. Det vart ny rekord i oppmøte. Vi var kring 150 til bords.

Vi håpar å kunne fortsette å arrangere dette kjekke tilbudet framover, slik at vi kan hedre alle dei flotte seniorane våre. Det ligg imidlertid mykje arbeid i å kunne arrangere eit slikt tilbud, og dersom vi skal klare å fortsette, er vi avhengige av frivillige krefter, spesielt den aktuelle dagen. Nokre synest det er ein kjekk og takknemleg jobb å kunne bidra, men fleire trengs. Det er fint og givande å få gi noko tilbake til dei som har gått føre og bidratt til at Sykkylven er ein slik flott plass å bu på.

Sorgseminar

Dette tilbudet blei første gong arrangert i desember 2021 med Odd Eidner og Solveig Kloppen. Vi arrangerte også sorgseminar i 2023. Sunniva Gylver kom då til Sykkylven med seminaret «Midt i alt som er» – ei forteljing om kjærleik, sorg og eksistensiell beredskap.

Det blei eit flott arrangement med godt oppmøte og gode tilbakemeldingar.

I 2024 var temaet på sorgseminaret demens. Dette er ein sjukdom som angår oss alle; over 100 000 lever med demens i Noreg i dag, og det er forventa at dette talet vil fordoble seg innan 2025. Til tross for dette, er demens ein sjukdom som framleis er knytt til mykje tabu. Derfor er det viktig å snakke om sjukdommen. Terje Sporsem blei invitert for å snakke om temaet. Han møtte temaet med både humor og alvor, noko som blei godt mottatt av nærare 450 frammøtte.

Tanken bak arrangementet er at det skal vere eit steg på vegen mot å snakke meir ope om tema som angår oss alle, men som likevel kan vere vanskeleg å ta opp. Tanken er også å utruste folk til å møte kvarandre i det dei står i, og å normalisere ulike tematikkar. Dette er spesielt viktig i ei tid der vi blir møtt med mykje glansbilete på sosiale medium. Vi vil fortsette med sorgseminar også i 2025, med temaet «Utanforskap» og besøk frå Leo Ajkic.

Juletreffest i pensjonistsalen på BUAS

Juletreffesten for bebruarane på BUAS har lang tradisjon og har vore arrangert i ei årrekkje. Festen er eit samarbeid mellom logane i Odd Fellow og kyrkja. Kyrkja står for programmet, medan Odd Fellow står for serveringa. Odd Fellow har tradisjon for å servere eit nydeleg Sunnmørsk kakebord, til stor begeistring for alle dei frammøtte. Presten i kyrkja har hatt ansvaret for denne festen, men sidan vi manglar ein prest, har diakonen teke over dette ansvaret. Programmet består av andakt, julesongar, eit flott dikt/historie, og solosong.

Dei som bur på BUAS, er mykje dårlegare no enn før. Dette er på grunn av eldre-reforma, der tanken er at alle eldre skal bu heime så lenge som mogleg. Reformen påverkar også oppmøtet på juletreffesten. Mange som bur på BUAS no, er for dårlege til å nytte seg av tilbudet. Den opprinnelege tanken bak arrangementet var at dette skulle vere ein fest for alle eldre og pårørande som budde på BUAS. Sidan dei fleste eldre no bur heime, og dei som bur på BUAS er for dårlege til å kome, må komiteen for denne festen kanskje tenkje nytt.

Ein idé er å flytte arrangementet til Sykkylven kyrkje og endre namnet på festen til «Seniorane sin jule- og nyttårsfest». Det kan vere mange fordelar med dette. Det vil kanskje opne for at tilbudet blir nytta av fleire. Det er også betre parkeringsmoglegheiter, og kyrkjekjellaren er betre eigna for eit slikt arrangement.

Vegen vidare

Eit stort problem i dagens samfunn er einsemd og utanforskap. Svært mange kjenner på dette. Derfor vil det diakonale arbeidet fortsetje med å fokusere på og prøve å legge til rette for å lage fellesskap av ulik karakter, slik at fleire, forhåpentlegvis, kan finne sitt fellesskap/sin plass i kyrkjene i Sykkylven. Alle treng eit fellesskap, lite eller stort, for å ha god livskvalitet.

Nokre diakonale idéar for året 2025:

Frokostseminar for seniorar frå kl. 09.00–10.30: Tre samlingar per semester der ein kan lære meir om digitale verktøy. Mange seniorar synest det digitale landskapet er vanskeleg. Her vil ein kunne få hjelp til å mestre dette betre. Det vil bli enkel servering med kaffe og noko attåt. Dermed blir dette både lærerikt og sosialt.

Arrangere «Aktiv sittesong» i jettegryta på Buas. Song og musikk er helsebringande, og det å bevege seg er bra for helsa. Aktiv sittesong gir begge deler, i tillegg til at det er sosialt og kjekt.

Damenes aften: Inviter til ein kveld der alle damer i alle aldrar står i sentrum. Her vil det bli servert god mat og kaker, og det vil bli underhaldning, påfyll, konkurransar og musikk. Fokuset er å gi damene som kjem påfyll, inspirasjon, glede og fellesskap.

Sosial lunsj første torsdagen i månaden med sveler og god prat: Den første torsdagen i månaden ønskjer vi å invitere til sosial lunsj med nystekte sveler og prat i kyrkjesal 1. Dette vil vere eit lavterskel- og gratistilbod der alle er velkomne når dei har lyst, tid og høve. Kva er vel kjekkare enn å ta lunsjen i kyrkja og få eit lite avbrekk i kvardagen med sveler og kaffe ein gong i månaden?

ANNA KYRKJELYDSARBEID

Misjon

Soknerådet sitt mål er at misjon skal vere ein integrert del av kyrkjelyden sitt arbeid, saman med frivillige og tilsette. Gjennom gudstenestearbeidet, forbøn, offer, informasjon og inspirasjon. Stoff frå Kirkens Bymisjon og NMS vert lagt inn på heimesida, med oppfordring om fast givarteneste til misjonsprosjekta. Vi kan bli betre gjennom å aktivt bruke inspirasjonsstoff, både verbalt i gudsteneste og andre samlingar, og visuelt på skjermar og heimeside. Trua kjem av forkynninga, og det er viktig at alle aldri vert utfordra til å dele tid, ting, tru og talent. Kyrkjelyden har fornya misjonsavtalar i Midt-Austen med NMS og Kirkens Bymisjon Møre for 4 år. Den norske Israelmisjon har kyrkjelyden ingen avtale med, men det er tradisjon for å støtte med forbøn og økonomi.

Aksjonen «Saman som kyrkje i heile verda» 09.06.24

Aksjonen set misjonsavtalen med NMS/SMM på dagsorden. Digital spleis der ein kan støtte misjonsprosjektet. Viktig at dette vert publisert på alle tilgjengelege digitale flater: skjermar, heimeside, Facebook og kunngjeringar på gudstenestene. Bilder, informasjon, forbøn og innsamling. Vi er oppfordra frå bispedømet og Den norske kyrkja nasjonalt om å ta del i aksjonen, også gjennom handlingsplanen for Den norske kyrkja sitt globale oppdrag. Gudsteneste med misjonsfokus. Planlagte aktivitetar i kyrkjeparken, som vi brukar, vart flytta ned til kyrkjestova grunna ausande regnver. Vi har ypperlege lokalitetar til dette, og det var stor aktivitet også utanfor inngangen nede med telt, lykkehjul, tombola, samt pølsegrilling ved to prestar.

Ein «folkefest» for fire generasjonar. Alle vil vi ha med - far og mor, liten og stor. Ny «Saman-dag» planlagt 19.06.25 saman med søndagsskulen og kora.

Kyrkjerådsleiar Harald Hegstad seier: *«Den norske kyrkja har inga eiga misjonsavdeling, så vi er heilt og halde avhengige av nært samarbeid med misjonsorganisasjonane. Det skjer både nasjonalt, regionalt, og viktigast gjennom menighetenes misjonsengasjement gjennom misjonsavtalar. Å setje det på dagsorden, inngå avtalar og utvikle dei, er svært viktig. Derfor er aksjonen «Saman som kyrkje i heile verda» ein viktig del av det som skjer i Den norske kyrkja i løpet av året.»*

Kyrkjemessa Ein flott frivillig gjeng stod også i år for messa. Variert program, kaker, varm mat og gevinstar. Lokale bedrifter og butikkar stilte med rause gevinstar. Første del av dagen hadde barnevenleg program.

Medhjelparfest og årsmøte 18.04.24

Intensjonen med denne samlinga er å takke og inspirere. Sette pris på, sjå kvarandre og andre. Velkomen inn, du er verdifull og viktig her. Soknerådsleiar May L.H. Aurdal leia kvelden med dette fokuset. Aurdal la fram årsmeldinga på PowerPoint, noko som viser eit mangfaldig og blomstrande arbeid på mange felt. Inspirerande å få sjå det store arbeidet som vert gjort i den 7-dagars kyrkja vår.

Spørsmål vart reist kring nattverdudeling og konfirmantdeltaking. Kyrkjelydspedagog svarte på dette, i forhold til dei nasjonale måla i *Plan for trusopplæring i Den norske kyrkja*. Alle vart inviterte til meditasjon og bønensamling til avslutning i kapellet.

Meditasjons- og bønnesamlingar

Alle er velkomne til bønne- og meditasjonssamling i kapellet, Sykkylven kyrkje, på torsdagar kl. 20:00 til ca. 20:30.

Programmet: Salme, fast bøn om Jesu nærvær, 20 minutt stille bøn, vidare bønner høgt/stille, Fader Vår og Velsigninga. Det er godt å vere stille i eit fellesskap. Dette er eit ope fellesskap, uforpliktande å vere med, der ein kan kome når ein kan. Om ein ønskjer, kan ein ha ansvar for ei samling, men det er ikkje eit krav. Her skjer eit viktig arbeid. Det er kanskje ikkje like synleg som mange andre oppgåver, men dette viktige meditasjons- og bønearbeidet er med på å bere anna arbeid. Guds ord løftar fram arbeid i bøn som grunnleggande viktig.

Husgrupper

Fleire husgrupper/bibelgrupper/bønegrupper samlast utanom gudstenestene. Ulike opplegg.

Grøn kyrkje

Soknerådet har vedteke at Sykkylven kyrkjelyd skal vere Grøn kyrkje. Kyrkjeverge, diakon, sokneprest og Marit Akslen utgjorde utvalet som la vidare planar. Kyrkjetenar er leiar av utvalet og involvert i utføringa av Grøn kyrkje. Det er sett i gang kompostering på gravplassen.

KYRKJETENAREN RAPPORTERAR

Som kyrkjetenar har eg i 2024 delteke på gudstjenester, gravferder og fleire vigslar i kyrkja. Våren 2024 investerte vi i ein ny grasklipper til gravplassen, noko som har vore ei viktig oppgradering. Eg har òg hatt ansvar for fortløpande vedlikehald av bygningane våre og løyst ulike utfordringar etter behov. Denne sommaren hadde vi fire personar i sommarjobb hos oss, og i tillegg har vi hatt ein person utplassert frå Ukraina i arbeidspraksis og språktrening.

Å jobbe i Sykkylven kyrkjelege fellesråd er givande, og eg trivst svært godt i jobben min.

REINHOLDAR rapporterar også om trivsel i det viktige arbeidet.

Vi har mange gode medarbeidarar, som trufast brukar gåvene sine til gode for kyrkjelyden. Om ein lem vert borte, vil det merkast. Det er difor viktig at vi ser og heiar på alle, dei som synleg står fram, og dei som gjer arbeid som ville merkast om det ikkje vart gjort.

ØKONOMI

Kollekt:

2024 Sykkylven: kr 264 857,- (kr 111 141,- til eigen verksemd)

2023 Sykkylven: kr 226 747,- (kr 99 693,- til eigen verksemd)

2022 Sykkylven: kr 219 481,- (kr 72 054,- til eigen verksemd)

2024 Ikorntnes: kr 79 386,- (kr 36 520,- til eigen verksemd)

Andre innsamlingar:

2024 Sykkylven: kr 299 713,-

2023 Sykkylven: kr 254 650,-

2024 Ikorntnes: kr 101 749,-

Sjå vedlegg:

Personlege gåver i kyrkjelydane Ikorntnes og Sykkylven
Detaljert rekneskap kan ein få ved å ta kontakt med kyrkjevevja.

OPPSUMMERING OG TANKAR FRAMOVER FOR 2025

Den norske kyrkja nasjonalt har desse måla for arbeidet:

- 1. Gudstenestelivet blomstrar**
- 2. Fleire søker dåp og trusopplæring**
- 3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet**
- 4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja**

Sykkylven kyrkje er ein del av Den norske kyrkja, og soknerådet ønskjer at dette skal syne seg i at vi har dei same tekstene som kyrkjene elles i landet, slik at ein anten går til eiga gudsteneste, sit heime og følgjer med på skjerm, eller deltek i gudsteneste andre stadar, kan få dei same bibeltekstene. Og at det vi arbeider med lokalt, også skal dra mot same mål som den landsdekkande kyrkja vi er ein del av.

1.Målet til Den norske kyrkja: Gudstenestelivet blomstrar

Kva gjer vi, og kva kan vi gjere, for at gudstenestelivet blomstrar hos oss? Gudstenester som kan vere noko for ulike målgrupper: faste kyrkjegjengarar, dåpsfølgje, konfirmantar med foreldre, barnefamiliar, sørgande og andre, er viktige.

Familiegudstenester har blitt etterlyst av fleire, der ein ikkje sender borna «vekk» under gudstenesta, men kan feire saman med ein forelder. Dette kan vere ei inspirasjon etter at fleire NRK-sende gudstenester den siste tida har vist.

Det er viktig å ha dei ulike målgruppene i tankane når vi veit dei er til stades i gudstenestene. Ved konfirmantpresentasjonar og andre gudstenester med mange konfirmantar og foreldre, er det særst viktig at dei blir både sett, høyrte og adressert. Formidlinga, både gjennom tale, songval og anna, bør vise at ein ønskjer å nå desse deltakarane. Det vil leggje grunnlaget for vidare «kommunikasjon», gode samtalar og samarbeid. Når vi ikkje når dei då, når vi dei heller ikkje seinare.

Begge deler må vi ta på alvor, fordi vårt oppdrag er å «ha vår oppmerksomheit henvendt på alt som kan vekke og nære det kristne livet».

Den norske kyrkja si visjon er «Meir himmel på jorda», og strategien har ambisjon om at kyrkja skal opne nye rom for tru, vere der livet levast, og vere meir for fleire. Dette handlar også om det andre målet.

2.Målet: Fleire søker dåp og trusopplæring

Om konfirmant og foreldre får relevant formidling, vil dei kunne kome tilbake for å døype eigne born. Vi må arbeide målretta for å invitere til dåp og oppfølging av dåp.

4.Målet: Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

Dette målet vil også bli påverka av kommunikasjonen og kontakten vi som kyrkje har med dei unge. Oppfølginga frå tilsette og frivillige er uvurderleg. Eit døme på dette er oppfølginga som «SLUSHER», der kvar vaksenleiar har 2–4 SLUSH-arar som medhjelparar og følger dei opp. Kvar einskild i kyrkjelyden har eit ansvar for å utfordre til ein jobb i kyrkja.

3.Målet: Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet Gudstenester og andre arrangement der vi inviterer td sørgjande, dåpsfølge og andre, er ein måte kyrkja kan engasjere seg i «samfunnet» og det som skjer der.

Det er viktig at vi som kyrkjelyd er til stades, og er oss bevisst på å «sjå», snakke med og møte menneske som er særskilt inviterte. Korleis ein vert møtt når ein kjem til kyrkja, kan gjere stor forskjell på om ein kjem tilbake eller ikkje. Vil vi invitere til «ein heim i di kyrkje på jorda», må vi vere til stades og la folk kjenne seg velkomne og ivaretekne.

Gjennom det diakonale arbeidet viser vi også i høg grad at vi som kyrkje engasjerer oss i samfunnet, gjennom tiltak som til dømes «Allsang på bygda» i samarbeid med Helselaget og andre, og ved å setje livsutfordringar som sorg, demens og utan-forskaps på agendaen. All den positive aktiviteten som skjer i diakoni og trusopplæring, er gode døme på korleis «kyrkja engasjerer seg i samfunnet» (eitt av Den norske kyrkja sine nasjonale mål). Ved at kyrkja har ulike tiltak, meiner vi at kyrkja sparer kommunen og «velferdsstaten» for kostnader – både økonomisk og menneskeleg. Soknepresten sin tanke om noko for «folk flest» er også viktig i forhold til dette målet.

Presse og presentasjon I tidlegare meldingar har vi sagt: «Vi vil invitere til frivilligheit og fellesskap, samt bruke sosiale og andre medier aktivt; informasjonsfilm, foto/videogruppe med konfirmantane, samt heimesida og Nyss. Vi kan frimodig dele i media til både informasjon og inspirasjon om kva som skjer i kyrkja. Det er viktig å ha ein bevisst strategi og plan rundt dette for kyrkjelyden i vidare arbeid.»

Sykkylven sokneråd har hatt fokus på at vi skal presentere arbeidet i kyrkjelyden gjennom auka bruk av sosiale medier og lokal presse. Det er viktig at både tilsette og frivillige frimodig presenterer det vi har å tilby som kyrkje, samt «deler» og «liker» kyrkjelege arrangement. Slik kan vi kome ut til folket med tilboda våre og inkludere fleire i den folkekyrkja vi er. Slik viser vi også at vi er ein nødvendig del av samfunnet.

Prioriteringar og posisjon

Den norske kyrkja si sjølvsgde posisjon i samfunnet er svekka, og fleire indikatorar peikar nedover, som til dømes dåpstal og gudstenestedeltakarar. Om vi i Møre enno har gode tal, er det retninga ellers i landet som er bekymringsfull.

Vi må gjenoppdage oppdraget vårt, og kanskje lære av andre land i Europa der sekulariseringa har kome endå lenger enn her. Dette kan gi oss hjelp til prioriteringar og retningsval. Utfordringa for kyrkja er å sjå dei kontaktpunkta som finst, og skape nye gjennom å vere både proaktiv og lyttande.

Første bud for evangeliefordling: Vi må våge å vere til stades der folk er – når kyrkja vert invitert inn i menneske sine liv, som i gravferd, dåp og bryllaup, men også når kyrkja må invitere seg sjølv. Det er derfor heilt avgjerande å søke samarbeid og samhandling med ulike lokale og nasjonale aktørar for å kjempe for skaparverket, løfte fram menneskeverdet og lytte til og møte menneske sine religiøse behov.

Tal og statistikk (ligg vedlagt)

Rapportar, tal og statistikk er viktige. Samstundes er det viktig å halde oppe dei verdiane som ikkje kan målast i statistikk. Verdiane som ikkje kan analyserast i effektivitet, tal og skjema.

I kyrkja forvaltar vi viktige verdiar som ikkje kan målast. Hverken omsorg, tru, livsmot eller bærekraft i motgang kan førast opp i skjema. Som kyrkje må vi halde menneskesynet høgt. Det kristne menneskesynet er ikkje avhengig av produktivitet eller marknadsverdi.

Som kyrkje må vi internt legge endå meir til rette for den unike moglegheiten kyrkjelege medarbeidarar har til å vere medmenneske, vise omsorg, ha samtalar, sjukebesøk og samver med menneske i kyrkjelyd og nærmiljø. Vi håpar kyrkja i samfunnet fyrst og fremst vert oppfatta som bærar av verdiar som ikkje kan målast i statistikk, og som forsvarar eit menneskesyn som ikkje er avhengig av avkastning, tap eller nytteverdi.

Saman

Soknerådet vil takke staben og alle frivillige for svært god innsats. I Sykkylven kyrkje, i Den norske kyrkja og den verdsvide kyrkja er vi mange som vil løfte saman.

Den norske kyrkja seier om seg sjølv at ho er ein bekjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje.

«Å vere misjonal er ein del av kyrkja sitt DNA», seier kyrkjerådsleiar Harald Hegstad. *«Dersom vi sluttar å vere misjonale, sluttar vi også å vere kyrkje. Det er viktig at kyrkjelydane engasjerer seg konkret, og at vi har ein løpande samtale om kva dette inneber her vi er.»*

Korleis står det til med kyrkja si «omsorgsteneste» – omsorga for sjuke, dei som er hindra frå å delta i fellesskapet? Er det sant at alle er viktige, også når ein ikkje kan yte? Eller ventar vi til folk igjen dukkar opp og kan bidra? Omsorg for dei «fråverande» kan ikkje berre hengje på dei tilsette – det er ei utfordring til oss alle, som lemer på Kristi lekam. Når eit lem lid, lid vi andre med. Her har kvar enkelt av oss ei viktig oppgåve gjennom veka: møte, invitere, besøke og dele.

Det diakonale arbeidet har sett gode avtrykk for kyrkja sine brukarar og for folk som vanlegvis ikkje oppsøker kyrkja.

Å formidle evangeliet i ord og gjerning kan gjerast på mange måtar i det daglege. Heile folkekyrkjeoppdraget – gjennom å møte menneske i glede og sorg – er også ein del av dette misjonsoppdraget. Misjonsoppdraget er større enn det som gjeld vårt eige lokalsamfunn. Det er eit oppdrag som strekker seg heilt til jordas ende, som Jesus sa. Vi håpar vi saman kan vere med på å skape «**meir himmel på jorda**» – lokalt, nasjonalt og globalt.

For Sykkylven sokneråd

May Lisbeth Hovlid Aurdal

- Soknerådsleiar -

Therese Utgård Aas

- nestleiar -

Arne M Von Krogh-Bakkedal

- 2. nestleiar -

VEDLEGG 2024

Kyrkja i Sykkylven - Ikorndes

Statistikk 2010 - 2024

Årsstatistikk Gudstenester i Sykkylven sokn 01.01.23-31.12.24

Personlege gåver til kyrkjelydane.


VEDLEGG :

Personlege gåver i kyrkjelydane Ikornnes og Sykkylven

Fast gjevarteneste til trusopplæring, diakoni og kyrkjelydsarbeid

År	Ikornnes sokn	Ant. gjevarar	Sykkylven sokn	Ant. gjevarar	Samla sum	Sum gjevarar pr. 31.12.
2024	kr 27 600,00	15	kr 225 200,00	29	kr 252 800	44
2023	kr 30 800,00	14	kr 223 850,00	26	kr 254 650	40
2022	kr 28 750,00	14	kr 220 900,00	29	kr 249 650	43
2021	kr 23 150,00	13	kr 218 200,00	31	kr 241 350	44
2020	kr 6 900,00	2	kr 205 850,00	29	kr 212 750	31

Totalsum 2020-2024: kr 1 211 200



Gudstjenestestatistikk

Valgt periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

Sted(er) Arild Sporsheim- BUAS- Digitalt- Sykkylven

Utskriftsdato 22.01.2025

Antall gudstjenester og deltakere

	<u>Antall gudstjenester</u>	<u>Antall deltakere</u>
Avholdt på søn - og - helligdager?	43	6121
Avholdt utenom søn - og - helligdager?	6	2285
Totalt(sumfelt)	49	8406

Fordel totalt antall gudstjenester på nytt, etter hvilket sted de foregikk

	<u>Antall gudstjenester</u>
i soknets kirke(r)?	1
på institusjon i soknet?	0
på et annet sted, verken i soknets kirke(r) eller på institusjon i soknet?	48
Totalt antall gudstjenester	49

	<u>Antall gudstjenester</u>	<u>Totalt antall til nattverd</u>	<u>Totalt antall til skriftemål</u>	<u>Totalt antall deltakere</u>
3.C.1 Gudstjenester med nattverd	34	2613		4537
3.C.2 Gudstjenester med skriftemål	0		0	0
3.C.3 Gudstjenester særlig tilrettelagt for barn og ungdom	3			414
3.C.4 Gudstjenester for barnehagebarn	0			0
3.C.5 Gudstjenester for skoleelever	3			914
3.C.6 Gudstjenester med dåp	18			3187
3.C.7 Konfirmasjonsgudstjenester	3			1498
3.C.8 Julaftensgudstjenester	3			738
3.C.9 Gudstjenester i påsken	2			254
3.C.10 Gudstjenester Kristi Himmelfartsdag	0			0
3.C.11 Gudstjenester i pinsen	1			74
3.C.12 Gudstjenester med samisk innslag	0			0
3.C.13 Allehelgensgudstjenester	1			290
3.C.14 Økumeniske gudstjenester	2			244
3.C.15 Temagudstjenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon	1			224

ÅRSSTATSTIKK GUDSTENESTER I SYKKYLVEN SOKN

År	Ta guds-tenester	Tal deltakarar	Snitt	Tal nattverd-gudstenester	Tal nattverd	Snitt	Gudsteneste på søn- og helgedag	Tal deltakarar på søn- og helgedag	Snitt	Døypte	Konfir-merte
2010	68	12452	183	30	2132	71	51	10082	198	60	65
2011	68	12709	187	30	2519	84	55	10774	196	61	83
2012	68	13380	197	27	1975	73	55	11323	206	60	78
2013	70	14218	203	31	2383	77	55	11601	211	49	80
2014	70	14953	214	32	2689	84	56	12585	225	56	104
2015	64	12377	193	33	2811	85	51	10466	205	51	82
2016	65	10479	161	27	1939	72	50	10479	210	40	84
2017	63	11516	183	36	2729	76	51	7348	144	40	67
2018	59	11881	201	40	3073	77	50	8469	169	37	77
2019	60	10921	182	42	2733	65	51	7711	151	48	70
2020	57 (+32)	4920 + (14399)	86 eller 217	25	1330	53	46	3760	82	41	54
2021	74	5067	68	22	1638	74	58	3127	54	36	89
2022	51	7567	148	32	1716	54	43	5504	128	33	61
2023	54	8757	162	33	2378	72	46	6413	139	44	66
2024	49	8406	172	34	2613	77	43	6121	142	40	63